



Olje- og energidepartementet

Dykkar referanse:

Sakshandsamar:
Ole John Østenstad
Tlf. 57612701

Vår referanse:
14/2372-1-OJØ-T10

Dato:
30.09.2014

Høring - Et bedre organisert strømnnett. Høringssvar frå Førde kommune

Høringssvar frå Førde kommune til rapporten «Et bedre organisert strømnnett»

Førde kommune legg med dette fram sitt høringssvar til rapporten.

Ekspertgruppa sitt mandat har vore:

1. *Gruppen skal kort drøfte hvilke oppgaver overføringsnettet i Norge må ha på lang sikt*
2. *Gruppen skal vurdere hva som er en hensiktsmessig nettorganisering. Det skal legges fram en eller flere modeller for organiseringen.*
3. *Gruppen skal vurdere hvilke forutsetninger som må være oppfylt og hvilke virkemidler myndighetene kan bruke for å få til en god nettorganisering. Det skal legges fram ett eller flere alternative forslag til virkemiddelbruk.*
4. *Det er i dag store tarifforskjeller mellom nettselskapene. Det er et mål å få mer harmoniserte tariffar.*
5. *Gruppen skal vurdere om ønsket endring i nettorganiseringen lar seg gjennomføre innen 2020, og legge fram en strategi for eventuell gjennomføring.*
6. *Gruppen organiserer selv sitt arbeid og vurderer*

Førde kommune sine hovudkonklusjonar:

- Ekspertgruppa har ikkje løyst oppgåva med å gjere framlegg om harmonisering av tariffar.
- Krav om selskapsmessig og funksjonelt skilje for selskap under 100.000 nett-kundar er ikkje påvist å vere samfunnsmessig rasjonelt.

Mål om å få meir harmoniserte tariffar

Det nasjonale målet om mykje fornybar energi fører til ei stor nettutbygging lokalt for nettselskap som alt har høge tariffar. Ekspertgruppa tilrår ikkje separate tiltak for å oppnå meir harmoniserte tariffar, men føreslår tiltak ved å legge igjen tariffinntekter frå produksjon i regionalnettet. Førde kommune ligg i Sunnfjord Energi sitt område, og dei føreslegne tiltaka vil her utgjere ei tariffdemping på berre 0,4%. Tiltaket er eit lite bidrag i rett retning, men langt frå tilstrekkeleg.

Ekspertgruppa har ikkje løyst mandatet dei fekk om mål om meir harmoniserte tariffar. Gjeldande skilnader i tariffinga er eit uttrykk for at nett i meir grissgrendte strok med utfordrande topografi er langt dyrare enn i urbane strok med enklare topografi. Tariffinga er ikkje eit uttrykk for god eller mindre god drift. Det kjennest også urettvist at sluttrekninga for auka fornybar produksjon skal ende

opp lokalt som følge av ei nasjonal forplikting. Store forskjellar i tariff kan også vere ein brems for restrukturering av nettverksemda.

Selskapsmessig og funksjonelt skille

Føremålet med selskapsmessig og funksjonelt skilje er:

1. Å unngå høgare nettkostnad enn naudsynt
2. Å dempe ulempene kring vertikalintegreerte selskap
3. Å få meir merksemd kring nettverksemda
4. Å få meir transparens og hindre uheldig samanblanding mellom nett og anna verksemd
5. Å gjere eigarane meir bevisste på investeringsbehov og utbyttepolitikk

Ekspertgruppa føreslår å gjere kravet om selskapsmessig og funksjonelt skilje gjeldane for alle selskap uansett storleik, men med mogelegheit for dispensasjon dersom ulempene er i eit klart misforhold til det ein ønskjer å oppnå for den aktuelle verksemda. Dagens regelverk set krav om dette for selskap med over 100.000 kundar.

Førde kommune meiner den vertikalintegreerte løysinga gjev store samdrifts- og koordineringsfordeler for mindre selskap som det er vanskeleg å kompensere for ved å skilje monopol og konkuranseutsett verksemd gjennom etablering av konsern. Forholdet til nøytralitet er alt regulert, men det bør arbeidast for at kontrollen er effektiv gjennom klare krav og sanksjonar dersom ein ikkje følgjer regelverket.

Med helsing

Olve Grotle
Ordførar

Ole John Østenstad
Rådmann

Dette brevet er elektronisk godkjent av Førde kommune om det ikkje er signert.